

Malvik kommune
Postboks 140
7551 Hommelvik

Vår dato	8.5.2018
Vår referanse	17/01231-9

Dykkar dato	
Dykkar referanse	

Sakshandsamar: Siv Bianca Kjosås

Carl-Jakob Midttun

Avslutting av tilsynet med Malvik kommune

Tilsynet viser til endeleg tilsynsrapport datert 18.01.2018, oppdatert plan for retting motteke 10.04.2018 og anna korrespondanse i samband med oppfølginga av tilsynet med nettstaden <http://www.malvik.kommune.no/>.

Avvika er retta først når sluttbrukaren ikkje lenger opplever feilen i løysinga. Sluttbrukar er innbyggjarar og andre brukarar av nettstaden dykkar.

Arbeidet med retting starta rett etter tilsynet var gjennomført i november. Rettinga skjer i samarbeid med leverandørane Custom Publish og Kommuneforlaget. Vi legg til grunn at alle feil knytt til avvika etter oppsett plan skal vera retta innan mai 2018.

Tiltaka som er beskrive i den oppdaterte planen, korrigerer i all hovudsak dei feila som blei avdekka under kontrollen.

Følgjande feil er framleis ikkje retta:

Avvik 2 bokstav a) Tabellen er ikkje er koda med <table>-elementet.

- Det er koda inn tittel på kalenderhendelsene med h-tag for overskrift, men aktuell tabell er framleis ikkje koda/identifisert med <table>-elementet i HTML. I tillegg skal overskriftscellene være rett koda med <th>, og kopla til datacellene i tabellen.

I koden er det brukt <div> med columns og row. Dette er oppbygning som kjenneteiknar ein tabell. Det er fleire måtar å strukturere og koda innhaldet på, som oppfyller minstekrava i forskrifta, men noverande løysing oppfyller ikkje suksesskriterium 1.3.1.

Vi er likevel komne til at oppdatert plan for retting er tilstrekkeleg til at tilsynet kan avsluttast. Føresetnaden er kommunen rettar enkeltfeilen nemnt over innan onsdag **23. mai 2018**. Den lar seg retta ved hjelp av standard HTML-koding.

Vi takkar for godt samarbeid, og ønskjer dykk lukke til med vidare arbeid med universell utforming av ikt. Eittersynet er med dette avslutta.

Med helsing
Tilsyn for universell utforming av ikt

Malin Rygg
avdelingsdirektør

Siv Bianca Kjosås
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen handskrivne signaturar.

Kopi til:

Malvik kommune
Malvik kommune

Elin Buholm

Postboks 140
Postboks 140

7551 Hommelvik
7551 Hommelvik